



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
10.08.2011
Dykkar dato
10.02.2011

Vår referanse
2011/2097 421.0
Dykkar referanse

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo

Fråsegn til rapport om effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa

Vi syner til brev av 10. februar 2011 om høyring av rapport frå ekspertutval om effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa.

Fylkesmannen i Hordaland meiner at rapporten har mange gode og vel grunngjevne framlegg til tiltak som vi har tru på vil kunne bidra til å utvikle havbruksnæringa i berekraftig retning. Vi kan stette alle framlegga og har merknader til nokre av punkta i rapporten der vi ser at det er trong for justeringar og presiseringar.

Vårt fokus ligg på miljøsida og vi er opptekne av handlingsreglar og tiltak for å redusere skadeverknadene på miljøet grunna først og fremst dei store førekomstane av lakselus og rømt oppdrettsfisk. Dette er dei to største utfordringane næringa står overfor og bør prioriterast. Vi er og opptekne av at framlegga i punkta 10.1 til 10.3 blir prioriterte.

Vi har nokre merknader til punkta 10.11 til 10.14 i rapporten:

Bremsane må på før tilstanden blir uakseptabel

Til punkt 10.11 " Handlingsreglar – viktig verktøy for god samfunnsstyring"

Miljøforvaltinga har verktøy i dag til god hjelp forvaltning av næringa – miljøundersøkingar etter NS 9410 - MOM systemet. Dette ser vi på som gode verktøy, men vi saknar handlingsreglar koplta til resultata av miljøundersøkingane. Når ein undersøkt lokalitet får tilstandsklasse 4 – "uakseptabel" er det eigentleg for seint. Om vi seier at tilstandsklasse 4 er eit krasj, så må bremsane på før den tilstanden blir nådd.

Vi treng ein handlingsregel som slår inn på eit tidlegare stadium, til dømes tilstandsklasse 3. Handlingsreglane kan om ein finn det naudsynt eller føremålstenleg, gjerast meir nyansert enn berre tilstandsklassane. Vi har å gjere med skåre på ei glidande skala frå 1,0 til 4,2.

Konsekvensen av for høg belastning på lokaliteten kan vere fleire. Vi kan nemne:

- Krav om redusert biomasse i anlegget
- Krav om forlenga brakkleggingstid
- Krav om brakklegging til tilstandsklasse 1 er oppnådd

Til punkt 10.12 "Handlingsregel for regional justering av MTB og adgang til miljøbegrunnet flytting"

Vi er ikkje samde med framstillinga i rapporten om at låge tapstal i merdane er direkte kopla til god miljøtilstand på sjøbotnen under merdane. Utviklinga i næringa mot å lokalisere anlegga på sær store djupner har svekke koplinga mellom fisken si velferd og miljøtilstanden på sjøbotnen. Når eit merdanlegg ligg slik plassert at det er 400 - 500 m til botnen, er vår erfaring at denne koplinga ikkje finst eller er svært svekka. Vi har fleire døme å syne til.

Likevel trur vi at framlegget til MTB justering kan nyttast om det blir tatt med ei kopling til miljøundersøkingane på lokaliteten og at desse tilseier at ei auke i MTB er forsvarleg. Handlingsregelen må nyanseras noko, til dømes ved at MTB kan aukast så lenge MOM B-undersøkingane på lokaliteten har gjeve han tilstandsklasse 2 eller betre. Ein meir nyansert skala kan og tenkast.

Målet må vere å førebygge skade, ikkje berre setje inn tiltak etter at skaden er eit faktum

Til punkt 10.13 "Handlingsregel for å redusere lusepress"

Vi ser i dag at det er store skader på bestandane av villfisk frå lakselus. Problemet er ikkje talet på lus på kvar einskild oppdrettsfisk, men det samla talet lakselus som følge av det enormt høge talet oppdrettsfisk lang kysten og i fjordane. Den store mengda oppdrettsfisk har med seg ei enorm populasjon av lakselus, sjølv om det er få lakselus per fisk i merdane.

Fylkesmannen er skeptisk til å innføre handlingsreglar som opnar for auka bruk av lusemidlar som i seg sjølv representerer eit miljøproblem. Inntil forskarane har funne ei genteknologisk løysing, må vi leve med dei metodane vi har i dag. Forvaltninga må heile tida presse på slik at den beste løysinga for miljøet blir vald framfor oppdrettaren sin økonomiske interesse.

Til punkt 10.14 "Etablering av handlingsregel for å sikre villaks mot genetisk påvirkning fra rømt laks"

Utvalet skriv i rapporten "Utvalget ser for seg at det etableres en indikator som måler om den ville bestanden . . . , er genetisk påvirket utover det nivået bestanden tåler."

Vi meiner det er trong for ein handlingsregel som ikkje ligg på etterskot. Når bestanden er påverka utover det nivå bestanden toler kan det allereide vere for seint. Skaden er påført og vi har ikkje kunnskap om kor lang tid det vil ta å reversere slik skade. Målet må vere å ha handlingsreglar som forebyggjer skade, ikkje konstatere at han allereide har skjedd. Inntil ein har kunnskap om kva ein slik handlingsregel kan vere, vil føre var prinsippet måtte vere gjeldande.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
seksjonssjef

Tom N. Pedersen
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.